# Statsbudsjettet 2019 Kap 1429 Post 70 – Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK)

## Rapportering 2019
## Hordaland fylkeskommune

# INNHALD


Vindenes, Fjell kommune ID 64065 m.fl ..... 2

Kvalvågen/Skaganeset, Sund kommune ID 97070, 161054 m.fl ..... 6

Tilrettelegging Ruskeneshellaren, Bergen ID 25782..... 8

Kulturløype på Aganeset, Ullensvang ID 100777 m.fl..... 9

Skipshelleren, Vaksdal ID 15917 ..... 10

Kulturminne på Seim, Granvin ID 108555 m.fl..... 13

Vollane, Bergen ID 103193 ..... 13

Tilrettelegging Kongshaugen på Hop ID 91779 ..... 13

Tilrettelegging Kolltveit ID 127360 mfl. ..... 13

Tilrettelegging Munkarøysi, Granvin ID 55574..... 11

Steinalderstien, Austrheim ID 66703 mfl. ..... 14

Oppsummering..... 15

| BARK | Tiltak | Prosjektkostnad | Tilskot | Utbetalt | Rest |
|---|---|---|---|---|---|
| **2015** | Skjøtsel, skilt, plan | 65.000,- | 10.000,- | 10.000,- | 0,- |
| **2016** | Skjøtsel, skilt | 75.000,- | 20.000,- | 0,- | 20.000,- |
| **2017** | | | | 0,- | 20.000,- |
| **2018** | | | | 20.000,- | 0,- |
| **2017 RA-tilskot** | Skjøtsel | Søknad sendt direkte til Riksantikvaren | 110.000,- | 0,- | 110.000,- |
| **2018 RA-tilskot** | | | | 0,- | 110.000,- |
| **2019 RA-tilskot** | | | | 110.000* | 0,- |
| **Tilskot er utbetalt og rapport frå skjøtselsarbeidet ligg vedlagt.** | | | | | |

** Kr 40.000,- vert overført Fjell kommune. Kr 70.000,- er ynskt som forskot og bes overført Hordaland fylkeskommune. Hordaland fylkeskommune tar ansvar for at prosjektet vert gjennomført i 2020 og dei resterande midlane nytta i tråd med retningslinjene for tilskotet.*



*Foto: HFK*

Fjell kommune har gjennomført omfattande skjøtselsarbeid på Høybøen i 2019. Det er laga utkast til to informasjonstavler om Vindenes og Høybøen. Arbeidet med skjøtsel av øydegarden er starta opp og store delar av den gamle innmarka er no synleg. Vegetasjonskappet frå ryddearbeidet i 2016 er tatt ut av lokaliteten og brent. Dette var ein prioritet under arbeidet. Delar av vegetasjonen er satt att av omsyn til beitedyr i området, men området kring tuftene er rydda slik at det er meir opent areal kring tuftene, og all einer og busker mellom tuftene og det opne innmarksområdet er fjerna. Det er rydda mykje vegetasjon i skråninga mellom tuftene og gravrøysene, slik at det no er mogleg å ferdast lettare mellom desse og slik at fleire av rydningsrøysene er synlege. Her står det likevel framleis att mykje vegetasjon, og ein del av vegetasjonen som vart felt under arbeidet i november 2019 vart ikkje flisa opp og dette må takast att seinare.

Arbeidet er tid- og kostnadskrevjande, men det fungerer godt med metoden som vart nytta i 2019 der flisekuttar vart frakta inn med helikopter. Ein stor, beltegåande flisekuttar vart plassert på eit tørrare område på lokaliteten tett ved skråninga med mest vegetasjon. Vegetasjonskapp vart flisa i bigbags og frakta ut med helikopter. Kort flytid for helikopter gjer at ein kan få mykje arbeid gjort på kort tid dersom alt er godt organisert på førehand. Samanlikna med tida det tar å manuelt dra vegetasjonskapp ut av lokaliteten og brenna det er helikopter og flisekutter klart den mest effektive metoden for skjøtsel når det er snakk om så store mengder som i dette tilfellet. Når området stort sett er rydda og det er snakk om vedlikehald vil det i større grad vera effektivt å frakta vegetasjonskapp ut av lokaliteten og brenna dette der. Det er likevel viktig å sikra at det er tilstrekkelig beitepress på lokaliteten til at ein unngår attgroing.

I 2020 vil Fjell kommune ferdigstilla det mest omfattande av skjøtselsarbeidet, og setje opp skilta som er utarbeidd for området. Utplassering av skilt er avventa i påvente av at skjøtselsarbeidet var komme lenger.



Skråninga mellom tuftene og gravrøysene før rydding. Foto:HFK



Skråninga mellom tuftene og gravrøysene etter rydding 2019. Det er tatt ned svært store mengder vegetasjon, men det er framleis mykje att. Det er no likevel mogleg å sjå ryggen der gravrøysene ligg frå lokaliteten, og det er opna eit område slik at det er lett å gå opp dit. Søyleeiner er satt att av omsyn til beitedyr. Foto: HFK

Området framfor tuftene var i mindre grad tilgrodd med einer og lauvkratt. Det kjem dårleg fram på foto, men denne vegetasjonen gjorde at ein ikkje såg tuftene før ein var heilt nært dei. Det gjorde òg at når ein var ved tuftene mista ein den kjensla av eit ope innmarksområde som ein elles ville hatt. Rydding av vegetasjon i dette området tok meir tid enn venta, men det vart likevel prioritert. No er tuftene synlege når ein går opp over den graskledde innmarka, og dei har fått meir luft kring seg.



Området framfor tuftene før og etter skjøtsel. Begge foto: HFK



Meir omfattande rekneskap kan finnast i vedlagt delrapport. Rekneskapet er oppsummert her:

| Finansiering<br>Kostnad | Fjell kommune | Fjell kommune Grøn etat | HFK | BARK 2019 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|
| **Skjøtsel** | 28.000,-<br>56t á 500 | 72.640,-<br>Timeliste i delrapport | 26.600,-<br>38t á 700 | | *127.240,-* |
| **Admin, skjøtselsplan, synfaring, .m.m.** | 17.000,-<br>34t á 500 | | 25.900,-<br>37 t á 700 | | *42.900,-* |
| **Utgifter til helikopter, utstyr, bigbags, leige av flisekuttar, m.m. jamfør vedlagt rapport** | 32.171,- | | | 40.000,- | *72.171,-* |
| **SUM** | 77.171,- | 72.640,- | 52.500,- | 40.000,- | *242.311,-* |

*Total eigeninnsats timebruk: 170.140,-*
*Kostnader til utstyr: 72.171,-, derav kr 40.000,- BARK og kr 32.171,- eigeninnsats*

**Konklusjon**
Fjell kommune ber om utbetaling av tilskot tildelt 2017, kr 40.000,- Kommunen ber òg om forskot på kr 70.000,- for å ferdigstille arbeidet i 2020, tilsaman kr 110.000,-. Delrapport ligg vedlagt.



*Foto: HFK*

| BARK | Tiltak | Prosjektkostnad | Tilskot | Utbetalt | Rest |
|---|---|---|---|---|---|
| 2017 | Forprosjekt | 530.000,- | 200.000,- | 200.000,- | 0,- |
| 2018 | Vidareføring prosjekt | 220.000,- | 50.000,- | 50.000,- | 0,- |
| 2019 | Vidareføring prosjekt | | 50.000,- | 50.000,- | 0,- |
| **Prosjektet er ferdigstilt og tilskotet vert utbetalt.** | | | | | |

Prosjektet tilrettelegging av kulturløype på Skaganeset og Kvalvågen er no ferdigstilt. Fyrste fase av prosjektet med tilskot tildelt i 2017 vart ferdigstilt og utbetalt i fyrste halvdel av 2018 gjennom delrapportering. Arbeidet har i 2018 var fokusert kring ferdigstilling av informasjonstavler om steinalder og montering av desse. Det vart gjennomført eit formidlingsopplegg for skuleborn i området. Prosjektet vart vidareført og ferdigstilt i 2019. For å trekka dei lange linjene mellom steinalderen og i dag er det utarbeidd to informasjonstavler om bruken av kvalvågen i nyare tid; ei tavle om kvalfangst og ei om småfiske og sauehald. Det er gjennomført formidlingsopplegg for skuleborn over to dagar der det fyrst vart gjennomført teori på skulen og deretter var ein turdag i området der elevane fekk vitja lokalitetane. Sund kommune har samstundes gjennomført eit større arbeid for å reetablera moglegheita til ferdsle ut til Stekholmen. Sundet mellom Skaganeset og Stekholmen er smalt og grunt, og ein steinmur med opning vart her brukt for å frakta sauer over til holmen. Kommunen har tildelt midlar til restaurering av denne steinmuren og konstruksjonen av ei bru her. Dette gjer at folk kan komma til Kvalbua der ein lagra nota til å stenga vågen med, og oppleva samanhengen i landskapet på ein ny måte.



| Finansiering Kostnad | Sund kommune | Studentarbeid AHKR | Dugnad | BARK 2018 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|
| Illustrasjon | | | | 6.817,- | *6.817,-* |
| Trykk | | | | 7.950,- | *7.950,-* |
| Video og implementering QR-koder | 11.017,- | | | 35.233,- | *46.250,-* |
| Montering skilt, m.m. | | | 10.000,- | | *10.000,-* |
| Førebuing skilt om kvalfangst, formidlingsopplegg Kvalfangst/steinalder skule, m.m. | | 120.000,- | | | *120.000,-* |
| Arbeid innhald web.app | | | | | |
| Admin | 40.000,- | | | | *40.000,-* |
| **SUM** | *51.017,-* | *120.000,-* | *10.000,-* | *50.000,-* | **231.017,-** |





**Konklusjon**
Prosjektet er ferdigstilt og ein omfattande sluttrapport ligg vedlagt. Tilskotet vert utbetalt.

| BARK | Tiltak | Prosjektkostnad | Tilskot | Utbetalt | Rest |
|---|---|---|---|---|---|
| 2014 | Tilrettelegging | | 25.000,- | | |
| 2018 | | | | *21.000,-** | 4.000,- |
| 2019 | | | | 4000,- | 0,- |
| **Prosjektet er ferdigstilt og tilskotet utbetalt. Sluttrapport ligg vedlagt.** | | | | | |

** Tidlegare utbetalt tilskot*

Prosjektet er gjennomført i samarbeid med Bergen kommune, Byantikvaren. Det er gjennomført skjøtsel av helleren, og kulturminneskilt er montert i kanten av vegen som passerer kulturminnet. Då lokaliteten og tilrettelegginga ligg i eit friområde vil vedlikehald av desse verte tatt med i avtale om vedlikehald av friområdet. Det er difor ikkje planar om eigen skjøtselsplan for lokalitetane. Tilskotet er utbetalt og sluttrapport ligg vedlagt.




**Konklusjon**
Prosjektet er ferdigstilt og tilskotet utbetalt. Sluttrapport ligg vedlagt. Rekneskap kjem fram av sluttrapporten. MERK at dette tilskotet allereie er utbetalt Hordaland fylkeskommune.

| BARK | Tiltak | Prosjektkostnad | Tilskot | Utbetalt | Rest |
|---|---|---|---|---|---|
| 2019 | Kulturløype | 203.400,- | 25.000,- | 25.000,- | 0,- |
| Prosjektet er ferdigstilt og tilskotet er utbetalt. Sluttrapport ligg vedlagt. | | | | | |

Prosjektet er for det meste ferdigstilt. Det er etablert ein kultursti med trapper, bruer og klopper fint tilpassa terrenget. Skjøtsel av gravrøyser er utført av Vikebygd barneskule. Stien er etablert og tatt i bruk, men offisiell opning vert fyrst i mai 2020. Einaste attståande tiltak er å plassera ut skilttavler. Skilttavlene er i produksjon, men kostnaden er tatt med i rekneskapet då det er henta inn fastpris på anskaffingane. Tavlene vert montert når desse er ferdigstilt. Tilskotet er utbetalt sjølv om tavlene ikkje er oppført. Tilskotet utgjer langt under 50% av den totale prosjektkostnaden, og tavlene er i prosess i samarbeid med Hordaland fylkeskommune. Kostnadene i prosjektet er endelege. Hordaland fylkeskommune vil sende oppdaterte bilder av prosjektet når tavlene er montert.





Gravrøys på Aganeset før og etter skjøtsel.



| Kostnad | SUM |
|---|---|
| Materiell og arbeid bruer og gangvegar | *72.686,-* |
| Betong | *1781,-* |
| Graving, ny bru, utlegging grus | *16.750,-* |
| Sand og transport | *8254,-* |
| Div skilt | *1831,-* |
| Messingstreng | *129,-* |
| Div skilttavler | *10.481,-* |
| Grafisk design | *11.584,-* |
| Illustrasjon | *10.000,-* |
| Rydding, div dugnadsarbeid | *21.800,-* |
| Dronefoto/fuglebilder | *10.313,-* |
| Trapper i tre | *14.555,-* |
| SUM | 180.164,- |

| Finansiering | SUM |
|---|---|
| Dugnad 109t á 200,- | *21.800,-* |
| BARK 2019 | *25.000,-* |
| Sparebankstiftinga Hardanger | *75.000,-* |
| Hardanger Historielag | *5000,-* |
| Gjensidige | *55.000,-* |
| SUM | 181.800,- |

**Konklusjon**
Prosjektet er for det meste ferdigstilt og tilskotet er utbetalt. Attståande arbeid er å trykka og plassera ut skilttavler og to nyleg ferdige trapper, men tiltaka er fakturert. **MERK** eit avvik mellom informasjon i e-post med rapport og rekneskap i rapporten. Det vert motteke oppdatert rekneskap i etterkant av e-post med oppsummering av utført arbeid. Det er ikkje lenger eit ubenytta overskot i budsjettet slik rapporten i eposten seier då trappene no er innkjøpt.

## Skipshelleren, Vaksdal ID 15917

| BARK | Tiltak | Prosjektkostnad | Tilskot | Utbetalt | Rest |
|---|---|---|---|---|---|
| 2019 | Skilting | 23.000,- | 11.500,- | 11.500,- | 0,- |
| **Prosjektet er ferdigstilt og tilskotet vert utbetalt. Sluttrapport ligg vedlagt.** | | | | | |

Vaksdal kommune søkte i 2019 om tilskot til opprusting av skilt som fortel om bruken av området ved Skipshellaren. Kulturminnet er mykje brukt og er tilrettelagt med mellom anna ope formidlingsbygg/grindbygg, trapper, brygge, skilt og meir.
Dei gamle skilta som fortalde om området var slitt med dårleg lesbarhet, og mangelfull/ikkje oppdatert informasjon. Med dei nye skilta har området fått eit løft og det er lettare for folk å orientera seg i informasjonen.

| Finansiering / Kostnad | Vaksdal kommune | BARK 2019 | SUM |
|---|---|---|---|
| Skilt, piktogram og materiell | | 140 + 1987,- | *2.127,-* |
| Design, korrespondanse, møter, admin | 12.000,- | | *12.000,-* |
| Montering og demontering, vask av eksisterande skilt, rydding, m.v | | 8000,- | *8.000,-* |
| SUM | *12.000,-* | *10.127,-* | **22.127,-** |

**Konklusjon**
Prosjektet er ferdigstilt og sluttrapport vedlagt. Tilskotet vert utbetalt.

| BARK | Tiltak | Prosjektkostnad | Tilskot | Utbetalt | Rest |
|---|---|---|---|---|---|
| **2018** | Skilting og merking | ~~35.100,-~~ | 11.250,- | 0,- | 11.250,- |
| **2019** | Skilting og merking | | | 11.250 | 0,- |
| **2019** | Omdisponert tilskot frå tidlegare overførte BARK midlar | 61.669,- | *Omdisponert tilskot* | *18.019,-* | |
| **Tilskotet vert utbetalt. Totalt vert det utbetalt kr 29.269,-. Av dette er 18.019,- tilskotsmidlar som tidlegare er overført HFK og som er omdisponert til prosjektet pga auka omfang.** | | | | | |

** Tilskotsmidlar som allereie er overført til Hordaland fylkeskommune*




Prosjektet er ferdigstilt og skiltet er satt opp. I gjennomføringa av prosjektet vart det klart at det var ynskjeleg med ei større informasjonstavle ved Munkarøysi enn det som var omsøkt. Dette førte til ei auke i kostnadene som det ikkje var tatt høgde for i budsjettet. Plasseringa ved røysa og den mykje nytta turstien gjer at prosjektet har stort formidlingspotensiale. Hordaland fylkeskommune har omdisponert eldre tilskotsmidlar til prosjektet for å dekka dei ekstra kostnadene ei større tavle fører med seg. Desse kostnadene er primært knytt til skiltstativet, samt at det no var mogleg å få plass til ein illustrasjon på skiltet.
Gravrøysa ligg i opne bjørkeskog og har ikkje trong til skjøtsel. Den vert ivareteke av grunneigar. Dersom dette endrar seg i framtida vil Hordaland fylkeskommune utarbeida skjøtselsplan for å sikra vedlikehaldet, men det er i dag ikkje rekna som naudsynt med ein eigen plan for dette.



| Finansiering<br>Kostnad | Granvin turlag | HFK | BARK 2019 | SUM |
|---|---|---|---|---|
| **Skiltstativ og trykk** | | | 17.245,- | *17.245,-* |
| **Ryddeutstyr, bensin, m.m.** | | | *700,-* | 700,- |
| **Merkemaling** | | | 1160,- | *1160,-* |
| **Merkestolper** | | | 975,- | *975,-* |
| **Sikring løype (tau)** | | | 155,- | *155,-* |
| **Registreringskasse tur** | | | 2220,- | *2220,-* |
| **Fjellbolter tavle** | | | 210,- | *210,-* |
| **Forarbeid tavle** | 3.600,-<br>(12tx300) | | | *3.600,-* |
| **Rydding/merking** | 10.800,-<br>(36t x 300) | | | *10.800,-* |
| **Montering tavle** | 1.800,-,-<br>(6t x 300) | | | *1.800,-* |
| **Admin** | 3.600,-<br>(12 x 300) | | | *3.600,-* |
| **Layout** | | 7000,- | | *7000,-* |
| **Tekst** | | 5000,- | | *5000,-* |
| **Oversetjing** | | 600,- | | *600,-* |
| **Illustrasjon** | | | 500,- | *500,-* |
| **Foto** | | | 250,- | *250,-* |
| **SUM** | *19.800,-* | *12.600,-* | *23.415,-* | **55.815,- eks.mva** |
| **Mva 25% på utgifter** | | | *5854,-* | |
| | | | *29.269,-* | **61.669,-** |

Merk at rekneskapet i vedlagt sluttrapport frå Granvin Turlag gjer andre summar for eigeninnsats. Grunnen til dette er at rekneskapet er satt opp i eit oppsett som fører mva 25% på alle summar og timesatsen for eigeninnsats for turlaget og fylkeskommunen er justert ned for å ikkje få for høg sum på eigeninnsats. Granvin Turlag får ikkje momskompensasjon og alle summar er difor inkludert mva.

**Konklusjon**
Prosjektet er ferdigstilt og sluttrapport vedlagt. Tilskotet vert utbetalt.

## Kulturminne på Seim, Granvin ID 108555 m.fl

| BARK | Tiltak | Prosjektkostnad | Tilskot | Utbetalt | Rest |
|---|---|---|---|---|---|
| **2019** | Skilting | 50.000,- | 25.000,- | 0,- | 25.000,- |
| **Prosjektet er starta opp og vert ferdigstilt 2020. Tilskotet vert søkt vidareført.** | | | | | |

Prosjektet er starta opp i dialog med Granvin kommune. Det er utarbeidd eit utkast til skilt og dette er i ferd med å verte ferdigstilt. Det er likevel usikkert om det er aktuelt å setje det opp i 2019, eller om ein skal avvente nytt kommunevåpen i 2020. Plassering av skilt er avklart. Prosjektet vert ferdigstilt seinast i 2020.

## Vollane, Bergen ID 103193

| BARK | Tiltak | Prosjektkostnad | Tilskot | Utbetalt | Rest |
|---|---|---|---|---|---|
| **2019** | Skilting | 50.000,- | 25.000,- | 0- | 25.000,- |
| **Tilskotet vert søkt vidareført til 2020.** | | | | | |

Prosjektet er ikkje starta opp, og vil verte gjennomført i 2020. Bergen kommune søkjer overføring av tildelt tilskot til 2020.

## Tilrettelegging Kongshaugen på Hop ID 91779

| BARK | Tiltak | Prosjektkostnad | Tilskot | Utbetalt | Rest |
|---|---|---|---|---|---|
| **2013** | Tilrettelegging | | 25.000,- | 0,- | 25.000,- |
| **Tilskotet vert søkt vidareført til 2020** | | | | | |

Prosjektet er ikkje gjennomført, men dialogen med Askøy kommune er etablert og prosjektet er ynskt gjennomført av kommunen. Dersom prosjektet ikkje let seg gjennomføra i 2019 vil Hordaland fylkeskommune vurdera å søkja om omdisponering av tilskotet til eit meir eigna prosjekt.

## Tilrettelegging Kolltveit ID 127360 mfl.

| BARK | Tiltak | Prosjektkostnad | Tilskot | Utbetalt | Rest |
|---|---|---|---|---|---|
| **2013** | Tilrettelegging | | 25.000,- | 0,- | 25.000,- |
| **Tilskotet vert søkt vidareført til 2020** | | | | | |

I 2019 vart det gjennomført møte og synfaring med Kolltveit Skule og Fjell kommune. Grunneigar er framleis positiv til prosjektet og særleg til skulen so rolle. Fjell kommune har løyvd tilskot til innkjøp av rotsakser og arbeidshanskar for gjennomføring av skjøtsel. Kolltveit skule ynskjer å nytta prosjektet inn i eit Erasmus+ prosjekt; «Seaways – pathways of international learning». Dette prosjektet tar til på nyåret. Skulen er positiv til å ta opp att dette prosjektet og få gjennomført skilting, samt å kunna nytta kulturminna aktivt i undervisninga. Prosjektet vert ferdigstilt i 2020.

| BARK | Tiltak | Prosjektkostnad | Tilskot | Utbetalt | Rest |
|---|---|---|---|---|---|
| **2018** | Skjøtsel/ forprosjekt tilrettelegging | 584.000,- | 292.000,- | 0,- | 292.000,- |
| **2019** | | | | 0,- | 292.000,- |
| **Tilskotet vert søkt vidareført til 2020.** | | | | | |

Prosjektet er forsinka grunna utfordringar med økonomi i kommunen og endringar i oppgåver for dei tilsette. Austrheim kommune vil no restarta arbeidet med prosjektet, og vil setje av ein sum på investeringsbudsjettet i 2020. Kommunen ynskjer å kopla formidlinga til Biosfæreprosjektet der Austrheim er med. Det er kalla inn til eit møte i saka i byrjinga av desember for å drøfta vidare arbeid. Austrheim kommune vil setje av midlar på investeringsbudsjettet i 2020. Tilskotet vert søkt vidareført til 2020.

## Oppsummering

| BARK | Prosjekt | ID | Tilskot | Utbetalt 2019 | Rest | Søknad om vidareføring av midlar til 2020 | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **2013** | Kongshaugen | 91779 | 25.000,- (tilskotet er utbetalt HFK) | 0,- | 25.000,- | JA | |
| **2013** | Kolltveit | 127360 m.fl | 25.000,- (tilskotet er utbetalt HFK) | 0,- | 25.000,- | JA | Prosjektet er starta opp. |
| **2014** | Ruskenes-hellaren | 25782 | 25.000,- (tilskotet er utbetalt HFK) | *4000,-** | 0,- | - | Sluttrapport vedlagt |
| **2017** | Vindenes RA | 64065 | 110.000,- | 110.000,- | 0,- | - | Prosjekt igangsatt. Delrapport vedlagt |
| **2018** | Steinalderstien | | 292.000,- | 0,- | 292.000,- | JA | Prosjektert vert gjennomført 2020 |
| **2018** | Munkarøysi | | 11.250,- | 11.250,- *18.019,-** | 0,- | - | Sluttrapport ligg vedlagt |
| **2019** | Kvalvågen | | 50.000,- | 50.000,- | 0,- | - | Sluttrapport vedlagt |
| **2019** | Vollane | | 25.000,- | 0,- | 25.000,- | JA | Prosjektert vert gjennomført 2020 |
| **2019** | Skipshellaren | | 11.500,- | 11.500,- | 0,- | - | Sluttrapport vedlagt |
| **2019** | Aganeset | | 25.000,- | *25.000,-* | 0,- | - | Sluttrapport vedlagt |
| **2019** | Kulturminne på Seim | | 25.000,- | 0,- | 25.000,- | JA | Prosjektet er starta opp og skilt er under utarbeiding |
| | | | | | | | |
| | | | | | | | |
| **SUM utbetalt 2019** | | | | **207.750** | | | |
| *SUM utbetalt 2019 tidlegare overført tilskot inkludert* | | | | | | | *229.769,-* |

* Allereie utbetalt til HFK gjennom delrapportering eller som tidlegare overførte midlar